



Slamtømming i Tysnes

Mai 2018



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

I vekene 22-40 2018, vil det bli tømt septiktankar i Tysnes kommune. Tømminga gjeld heilårshus og hytter. Klungtveit AS gjer jobben på oppdrag frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM).

Alle som mottok dette bladet er registrert som slamabonnt hos SIM, og kan venta besøk av slambilen i tråd med oppsettet nedanfor.

SIM ber om at du som kunde legg til rette for at slamtømminga kan føregå på best mogeleg vis. Informasjon om tømminga finn du i dette bladet og på nettstaden www.sim.as (velg «Ditt avfall» og deretter «Slam»).

2018 (hus og hytter)

Framdriftsplan og køyrerute (atterhald om problem m/snø og glatte vegar):

Veke	Køyrerute (inklusive sidevegar)
22-26	Siglevik – Våge sentrum - Vegkryss Gåsevik – Lukksund
27-29	Lunde vegkryss til Onarheim – Hodnanes
30-31	Hodnanes – Søreide vegkryss til Reksteren
31-36	Reksteren
37-38	Søreide vegkryss Reksteren – kommunehus - Onarheim
39-40	Kommunehus – Lande – Våge sentrum

I samband med tømming vert slamavskiljaren (tanken) kontrollert for tekniske manglar/feil. Det vert også sett etter synlege forureiningsproblem med utslepp/sandfiltergrøfter m.m.


Alle får varsel på sms eller brev i posten før tømming. Det er eiga rute for tankar som lyt tømmast med traktor.




Kast ikkje...

våtserviettar, filler, bind, wc-blokker, olje eller feitt i toalettet. Slikt avfall løyser seg ikkje opp og kan føra til at røyra mellom hus og septiktank går tette.


Prinsippet i ein septiktank med tre kammer



Septiktanken bør vera så stor at avløpsvatnet brukar fleire døgn på gjennomløpet, men minst 9-10 timar. Dermed får tunge partiklar tid til å søkkja til botnen. Vanleg tankvolum er 4 m³ (3 + 0,5 + 0,5).



Etter kvart som slammet hopar seg opp på botnen av tanken, vert det mindre plass til nytt avløpsvatn. Vatnet får dermed kortare tid i tanken. Som følgje av dette vert færre partiklar avsette i tanken og meir slam ført mot utløpet. Resultatet er at utløpsvatnet vert meir ureint.



Når tanken er full, er reinseffekten lik null og tanken må tømmast.

Slik føregår slamtømminga

Innhaldet i septiktanken vert søge opp i slambilen. Der vert tørrstoffet skilt ut, og vatnet ført tilbake til septiktanken. Etter denne prosessen er det normalt at det vert liggjande eit slør av slam over vatnet. Oppsamlinga skal føregå med minst mogeleg støy, lukt o.l. Evt. søl frå tømminga skal fjernast av renovatør.

Slammet frå septiktanken er minimalt nedbrote. Det vert køyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svartasmåget for kompostering i rankar. Slamkomposten vert brukt på SIM sine anlegg.

Kontroll av anlegget

I samband med tømming vil septiktanken bli inspisert visuelt. Dersom det vert oppdaga feil, vil kunden bli varsla av SIM eller kommunen.

Dei mest vanlege feila er:

- tanken har dårleg lok
- «dykk» manglar
- tanken har tett utløp
- tanken lek
- utløpet lek
- tett filtergrøft



Dette ynskjer me at kunden gjer før tømming:

- Grav fram loket dersom det ikkje ligg ope i dagen, og fjern evt. snø og is, men ikkje ta av loket.
- Merk loket med gards- og bruksnummer
- Marker evt. tanken med ein pinne eller liknande, slik at renovatøren finn fram.
- Sørg for at anlegget er lett tilgjengeleg og at det ikkje er etablert hindringar som gjer det vanskeleg å tømma.

Viktig å vita om septiktanken

Det er viktig å tømme septiktanken ofte nok, slik at avløpsvatnet ikkje får renna over og skapa ureining. Etter forskriftene skal slamtankar for hus tømast minimum annakvart år, og fjerdekvart år for hytter. I praksis kan intervallet variera med opptil fire månader på kvar side.

Dette skjer i tanken

Avløpsvatnet renn sakte gjennom septiktanken. Dermed får tunge partiklar tid til å søkkja til botnen, medan lette partiklar og feitt flyt til overflata. For å auka denne effekten, og motverka støytvis medrivning av slam mot utløpet når t.d oppvaskmaskin, vaskemaskin, dusj og do er i bruk samstundes, er kummen delt i fleire kammer med gjennomløp i ulik høgd.

Miljøfordelar

Septiktanken samlar opp partiklar i avløpsvatnet slik at dei ikkje får komma ut i bekker og vatn, eller får tetta infiltrasjonsgrøfta dersom ein har ei slik.

Ved regelmessig tømning av septiktanken kan ein oppnå følgjande reinseeffekt:

- Organiske stoff 20–30 %
- Fosfor 5–10 %
- Nitrogen ca. 5 %

Dei som har infiltrasjonsgrøft i tillegg til tanken vil oppnå endå betre reinseeffekt.

Om varsling

Kunden skal bli varsla om tømning i god tid, slik at han kan gjera nødvendige førebuingar.

Om rettar og plikter

Fullstendig informasjon om rettar og plikter i samband med slamtømninga finst i forskriftene, som kan lastast ned frå SIM sin nettstad; www.sim.as.

Her nemner me at renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få gjennomført tømninga. Etter tømning skal renovatøren leggja lok attende på slamavskiljaren, lukka portar og gjera bruk av sikringsordningar som er etablerte.

Abonnenten er ansvarleg for å sikra lok i samsvar med krava i brønnlova. Han skal merka slamtanken med merkelapp påført gards- og bruksnummer, grava fram lok som ikkje ligg i dagen og fjerna evt. snø og is i god tid før tømning.

Om skade på privat eigedom

Dersom renovatøren skulle påføra private vegar, gjerde, hekkar og liknande skade under slamtømninga, pliktar han å setja dette i stand for eiga rekning. Dette gjeld ikkje dersom vegeigar, bruksrettsinnehavar eller vegstyre har påteke seg dette ansvaret. Ved skade må huseigar melda frå så snart som råd (sjå kontaktinformasjon på baksida av bladet).

Naudtømning

Ekstratømning utanom ordinær rute kan tingast hjå SIM. Slik tømning vert fakturert for seg. Gjeldande pris for naudtømning går fram av SIM sin nettstad www.sim.as. SIM garanterer at tanken skal vera tømt seinast 24 timar etter at naudtømning er bestilt.

Spyling av tette røyr

Det er råd å tinga spyling av tette røyr. Les meir om dette på side 4.



Renovatørene Odd Gunnar Hustveit og Morten Klungtveit tømmer slamtankar for SIM.

Problem med slamanlegget

1 Septiktanken er full

Ta av loket og sjekk om det er mykje fast slam/masse på toppen. Kontakt i så fall firmaet som tømmer slam for SIM (sjå kontaktinformasjon nede på denne sida).

2 Røyra mellom huset og tanken er tette

Dette kan løysast ved å spyla gjennom røyra. Firmaet som tømmer slam for SIM kan gjera denne jobben. Tette røyr kan skuldast at det ikkje er rett fall på røyra, eller at det ikkje er bend på innløpsrøyr som fører ned i tanken.

For dei som har infiltrasjonsgrøft er det viktig at septiktanken vert tømt regelmessig.

Grøfta kan gå tett dersom det går mykje partiklar ut av tanken. Dermed får ikkje spillvatn frå septiktanken komma ut. Dersom nivået i septiktanken står høgare enn utløpsrøyrret, kan det tyda på at utløpsrøyrret er tett.

3 Kloakklukt i huset

Etterfyll vasslåsane i vaskar og slukar. Vasslåsane kan tørka ut på grunn av varmekablar eller lite bruk. Dersom du fyller t.d. matolje i slukane vil olja leggja seg som ei hinne over vatnet og forseinka fordampinga frå vasslåsen.

4 Kloakklukt utomhus


Kontroller om det er montert

lufting av kloakken i huset. Lufting av kloakk går normalt over tak. Ved spesielle vêrtilhøve kan lufting over tak føra til vond kloakklukt sjølv om luftinga fungerer. Dersom det er tilfelle, kan ein ta av røyrret i luftehatten og montera ein spesialventil. Ein slik ventil tilfører nødvendig luft ved tapping og liknande og hindrar luktutslepp. Kontakt røyrleggjar for nærare informasjon.

5 Ekstratenester

Tenester utover ordinær tømning er ikkje ein del av abonnementet. Desse lyt ein betale ekstra for.

Returadresse:
SIM
Svartasmogvegen 219
N-5417 Fitjar



OPNINGSTIDER* MILJØSENTRALANE

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars.:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00
Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.-31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

Kontaktinformasjon for slamtømminga:

Svein Klungtveit AS:

Kontor og tømmebil: 52 79 29 70/ 982 35 146

Vakttelefon: 982 35 151



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219
N-5417 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM